

Sakshandsamar:

Lena Merete Söderholm
E-post: lena.soderholm@sfj.no
Tlf.: 97035449

Vår ref.

Sak nr.: 19/4179-1
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

23039/19

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 23.04.2019

Notat

Frå: Nærings- og kulturavdelinga ved Lena Merete Söderholm

Til: Hovudutval for næring og kultur

Invitasjon til å vitje havbruksmessa Aqua-Nor 2019

Også i år vert det arrangert ein felles vestlandsstand under akvakulturmessa i Trondheim. I år har Møre og Romsdal satsa på eigen stand, medan Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fører tradisjonen om felles vestlandsstand vidare.

Slik det ser ut no, er det lagt ut 5 standplassar til bedrifter frå Hordaland, 5 frå Sogn og Fjordane og tre frå Rogaland.

Hotellrom

Messa går av staben 20. – 23. august i Trondheim. Vi har fått reservert to hotellrom på Radisson Blu Royal Garden Hotel onsdag 21.- fredag 23. august, og kan slik tilby overnatting til nokre representantar frå fylkeskommunen. Fylkesordførar vil vere til stade deler av dei første dagane på messa (tysdag/onsdag). Så langt ser det også ut til at fylkesordførar i Rogaland og fylkesvaraordførar i Hordaland også deltek på deler av messa.

Program

Vi legg opp til ei formell opning av standen tysdag den 20. august kl. 12.00 og ein fagleg presentasjon rett etter det. Deretter vil vi ta ein guida omvising for alle representantane frå fylkeskommunane til bedrifter på fellesstanden.

Den 21. august vert det besøk hos Sogn og Fjordane/vestlands-bedrifter som har eigen stand.

Onsdag og torsdag vert det også fagleg program på standen kl. 12-12.45. For dei som kjem seinare enn tysdag, kan eg også legge eit opplegg om deira besøk om det er interesse for det.

Tysdag kveld vert det eit kveldsarrangement på Scandic Bakklandet, ein sosial samankomst med mat og drikke.

Vi sett pris på tilbakemelding om deltaking frå medlemmar av hovudutvalet, og minner om at påmeldinga er forpliktande!